

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
N-0032 Oslo

REF.
201003005

VÅR REF.

DATO
01.11.2010

Høringsfråsegn frå Språkrådet til NOU 2010:7

Vi viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet, datert 21.06.2010. Språkrådet leverer med dette sine merknader til NOU 2010:7 *Mangfold og mestring*.

Vennleg helsing

Sigfrid Tvitekkja
konstituert direktør

Nina Teigland
samfunnsrådgivar



POSTADRESSE
Postboks 8107 Dep
NO-0032 OSLO

KONTORADRESSE
Observatoriegata 1 B
NO-0254 OSLO

TELEFON
+47 22 54 19 50
TELEFAKS
+47 22 54 19 51

E-POST
post@sprakradet.no

INTERNETT
www.sprakradet.no
www.sprakradet.no

Høyringsfråsegn, NOU 2010:7 *Mangfold og mestring. Flerspråklige barn, unge og vaksne i opplæringsystemet.*

Generelle merknader:

Østbergutvalet skal ha ros for ein grundig og omfattande rapport. Språkrådet støttar i hovudsak dei tiltaka som fleirtalet tilrår, der ikkje anna er kommentert.

I Noreg er tilgang til nasjonalspråket vårt, norsk, ein nøkkel til framgang i skule og arbeidsliv. Staten har i særleg grad ansvar for å styrkje nasjonalspråket (nynorsk og bokmål), språka til dei nasjonale minoritetane (samisk, kvensk, romani og romanes) og norsk teiknspråk. Til saman representerer samisk språk, språka til nasjonale minoritetar, norsk teiknspråk og alle dei nyare innvandrarspråka eit språkleg mangfald som i dag er med på å utfylle biletet av den totale språksituasjonen i landet. Språkrådet arbeider for å styrkje det språklege mangfaldet i Noreg, og er samd med Østbergutvalet i at fleirspråklegheit må sjåast som ein verdi for den enkelte og for samfunnet. Språkrådet viser til St. meld. nr. 35 (2007–2008), *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*, der det mangespråklege og fleirspråklege perspektivet blir trekt fram som ein viktig del av den heilskaplege språkpolitikken i Noreg.¹ Rett til nasjonalspråk, rett til morsmål og rett til framandspråk (St. meld. nr. 35 s. 87), er her trekte fram som tre demokratiske² språkrettar.

I St. meld. nr. 23 (2007-2008) *Språk bygger broer*, viser Kunnskapsdepartementet til at det er behov for eit nasjonalt fagorgan som har ansvar for å sjå alle språkpolitiske spørsmål i samanheng, inkludert overordna spørsmål som gjeld språkopplæringa i eit samfunn prega av eit stadig større språkleg mangfald. KD vil saman med KKD vurdere korleis Språkrådet sitt mandat kan utvidast for å ta vare på eit heilskapeleg perspektiv på språkopplæringa (kap. 2.5).

¹ Meldinga blei handsama av Stortinget 28.04.2009.

² Merk at demokratiske rettår ikkje nødvendigvis er juridiske rettår.

Kapittel 1 Utvalgets samlede konklusjoner

Langvarig andrespråksopplæring

- lærere som underviser i norsk og lærere som underviser i andre fag både bør ha kompetanse i norsk som andrespråk og kunnskap om flerspråklighet

Utvalet foreslår at det skal arbeidast med norsk skriftleg og munnleg i alle fag, i tråd med læreplanverket for Kunnskapsløftet. Derfor tilrår utvalet at alle lærarar skal ha kompetanse til å undervise i norsk som framandspråk/annanspråk.

Språkrådet peiker på at kunnskap og ferdigheiter i norsk er sentralt for utdanninga av lærarar i alle fag. Dette gjeld særleg etter innføringa av grunnleggjande ferdigheiter med læreplanverket for Kunnskapsløftet. Lesing, skriving og munnleg bruk av språket er emne som tradisjonelt har høyrte til i norskfaget. Desse grunnleggjande ferdigheitene skal utviklast i alle faga, sjølv om norskfaget har eit særleg ansvar for at elevane utviklar desse ferdigheitene. Språkrådet meiner at vektlegging av dei grunnleggjande ferdigheitene i alle fag er svært positivt, men vil peike på at dette må speglast i lærarutdanninga, slik at alle lærarar blir gode lese- og skrivelærarar og har kunnskap om munnleg bruk av språket. Norskfaget, som tradisjonelt er det faget som gir kompetanse i bruk av skriftleg og munnleg språk, har tidlegare vore obligatorisk fag i lærarutdanninga, men slik er det ikkje lenger den nye lærarutdanninga for 5.-10 årstrinn.

Ulik språkleg bakgrunn legg føringar for korleis norskopplæringa må vere for dei ulike elevgruppene. Språkferdigheiter er sentrale i alle fag og elevar har språklege rettar som skal ivaretakast av lærarane. Språkrådet meiner at lærarar må ha kjennskap til den fleirspråklege situasjonen i Noreg: bokmål og nynorsk, minoritetsspråka og dei nye innvandrarspråka. Språkrådet støttar utvalet sitt syn på at alle lærarar skal ha kompetanse i norsk som annanspråk og fleirspråklegheit. Språkrådet meiner at alle lærarar i norsk skule bør ha formell kompetanse i norsk.

- utvikling av språktester som et alternativ til det ordinære norskfaget for sent ankomne elever som ønsker studiekompetanse eller fagbrev

Språkrådet er ikkje einige i forslaget. Sjå nærmare kommentar til kapittel 9 under.

Flerspråklighet som verdi

- retten til morsmålsundervisning opprettholdes i tråd med dagens § 2-8, dvs. kobles til om eleven har behov for morsmålsopplæring og/eller tospråklig fagopplæring for å lære norsk opp til et nivå som gjør at de kan følge ordinær undervisning. Utvalget mener at det er grunnlag for økt bruk av gjeldende rett til morsmåls- og tospråklig fagopplæring. [...]

Språkrådet støttar utvalets fleirtal.

Kompetansebehov i opplæringssektoren

- oppretting av et senter for språkutvikling som skal forske på hvordan barn utvikler og bruker flere språk

Språkrådet er einig i at det trengst meir kunnskap på feltet, men er usikker på om oppretting av et senter for språkutvikling er rett framgangsmåte for å skaffe meir forskning på språkutvikling.

Kapittel 3 Norge som innvandringsland

3.6 Utvalgets vurderinger

Språkrådet støttar utvalet i at det er viktig å auke deltakinga i og tilbodet om norskopplæring for at innvandrarbefolkninga kan delta i utdanning og arbeidsliv på linje med resten av befolkninga.

Kapittel 8 Minoritetsspråklige elever i grunnskolen

Ifølgje drøftingane i rapporten, er det rom for betring av bruken av regelverket for å sikre ei god norskopplæring for alle grupper minoritetsspråklege elevar. Kartlegging av kva ferdigheiter elevane faktisk har i norsk, er sentralt, og tilpassing av undervisninga må følgje av slik kartlegging. Norskferdigheitene til eleven er avgjerande ikkje berre i norskfaget, men òg i dei andre faga eleven har.

Språkrådet sluttar seg til utsegna om at utviklinga av eleven sine norskkunnskapar blir sett som eit ansvar for alle lærarar.

8.9.2 Ordinær læreplan i norsk

Det er viktig at ein ser på heilskapen i norskfaget og at minoritetsperspektivet blir del av denne vurderinga saman med andre sentrale språkpolitiske omsyn.

8.9.3 Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter

- Læreplanen i grunnleggende norsk for språklige minoriteter skal som hovudregel benyttes
- Kartleggingsverktøyet utviklet til læreplanen i grunnleggende norsk for språklige minoriteter skal benyttes av alle skoleeiere i tilknytning til denne læreplanen
- Benyttes annen læreplan, kan annet kartleggingsmaterieill benyttes. Ved benytting av annet kartleggingsmateriale må et nivå tilsvarende nivå 3 etter læreplanen i grunnleggende norsk for språklige minoriteter kunne fastsettes.

Språkrådet støttar fleirtalet sine forslag til tiltak.

8.9.6 Lesekompetanse

Utvalget ser at de grunnleggende ferdighetene. Herunder også lesing, som skal inkluderes i alle fag, er en gylden mulighet for å sørge for at alle faglærere bidrar til å bedre språkforståelsen hos minoritetsspråklige. Det er viktig at skolen er opptatt av blant annet den videre lese- og skriveopplæringen til elevene, også hos de elevene som ikke er nyankomne.

Språkrådet støtter framlegget og understrekar at norskkunnskapar, inkludert kunnskapar om lesing, skrivning og bruk av munnleg språk, er viktig for alle lærarar på alle nivå.

Kapittel 9 Minoritetsspråklige elever i videregående skole

9.11.2 Særskilt språkopplæring i videregående opplæring

Bruk av ny læreplan for sent ankomne og vaksne

Språkrådet støttar dei tre første tiltaka (s. 227), men har innvendingar til dei fire neste føreslåtte tiltaka. Her blir det føreslått at ein eigen test i norsk skal erstatte kravet til eksamen i norsk.

Gjentekne gonger i kapittelet er mangelfulle norskferdigheiter peika ut som årsak til at minoritetsspråklege elevar har problem i videregående skule. Språkrådet meiner derfor at ein må leggje vekt på at systemet slik det er no, med mogelegheit til utvida tid i opplæringa, rett på særskilt språkopplæring, tospråkleg fagopplæring, god bruk av kartleggingsverktøy og tilpassa opplæring, blir utnytta for å sikre god norskopplæring.

At ei gruppe elevar oppnår studiekompetanse utan å ha eksamen etter ordinær læreplan i norsk, ser vi ikkje som ei god løysing. Dette vil kunne føre til ei vidareføring av det som tidlegare i kapittelet er omtala som eit b-stempel av denne elevgruppa, slik det var etter læreplanen i norsk som annanspråk. Språkrådet meiner at det ikkje løyser dei språklege utfordringane elevane har å godkjenne ein mindre omfattande norskprøve for desse elevane.

Omgrepet ”seint ankomne” er problematisk. Viss ein fastset ei tidsavgrensing for denne gruppa, bryt det med prinsippa om at det er *kompetansen* til elevane som skal vere avgjerande for kva læreplan dei følgjer. Under delkapittelet om fråfall, kjem det fram at elevane vurderer fleire fag som vanskelege i videregående opplæring. Når det gjeld kva fag dei stryk i, er matematikk eit fag der minoritetsselevar har høgare strykprosent enn majoritetsselevar (s. 199). Rapporten viser ikkje karakterstatistikk der det kjem fram om elevane stryk i særskilt grad i norsk på vg3, eller om òg andre fag er problematiske. Det er truleg ein samanheng mellom mangelfulle norskkunnskapar og manglande fagkunnskap i andre fag. Kunnskapen om denne samanhengen må bli betre før ein nedjusterer kompetansekrava i eitt av faga.

Prinsipielt er det òg problematisk at eitt fag, norskfaget, blir plukka ut som særleg krevjande fordi det omfattar kulturelle aspekt. Dette gjeld truleg òg andre fag på dette nivået. Òg i matematikkfaget trengst det kultur- og språkkunnskap for å løyse teksttunge oppgåver. Kjennskap til kulturen som høyrer til det nye språket, er difor heilt avgjerande for å lykkast i skule- og arbeidsliv. Eit fag som presenterer eller diskuterer kultur, er svært viktig.

Språkrådet meiner at det er meir konstruktivt å styrkje norskopplæringa til elevane i staden for å gjere kvalifiseringa til høgare utdanning enklare. Det viktige er at alle elevane må få så god opplæring i norsk at dei er i stand til å delta i høgare utdanning og/eller arbeidsliv.

Kapittel 11 Opplæring spesielt organisert for vaksne etter opplæringsloven

11.6 Utvalgets vurderingar

Nynorsk

Språkrådet støttar utvalet i at norskopplæringa bør knytast tettare til skriftspråk og dialekt som er i bruk i nærmiljøet til eleven/deltakaren. Dette tilseier større bruk av lokal dialekt og nynorsk som opplæringsspråk.

Det er nødvendig at alle prøver, testar og kartleggingsmateriell òg er tilgjengeleg på nynorsk. Vidare er det nødvendig med læremiddel på nynorsk òg for vaksne, anten dei er deltakarar i grunnopplæringa eller i innføringskurset norsk med samfunnsfag.